

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen Gulen, Hyllestad, Hornindal, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutval - Gloppen kommune

Utval: Kontrollutval - Gloppen kommune

Møtedato: 07.02.2013

Møtetid: 10.00

Stad: Formannskapssalen

Møtenr.: 1/2013

Innkalling: Faste medlemmer til kontrollutvalet, Revisor (sak 05/13).

Melding til: Ordfører(møte- og talerett), Kommunerevisjonen i Nordfjord (møte- og talerett) og varamedlemmer (vert evt. innkalla etter nærmare beskjed).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 951 39 762, eller på e-postadresse: post@sekom.no

SAKLISTE

001/13 Godkjenning innkalling og sakliste

002/13 Skriv og meldingar.

003/13 Eigenvurdering av oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap.

004/13 Møteplan for kontrollutvalet i 2013.

005/13 Forvaltningsrevisjonsprosjekt Prosjektplanlegging i Gloppen kommune – Prosjektplan.

006/13 Plan for selskapskontroll – Gloppen kommune.

007/13 Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet i Gloppen.

008/13 Oppfølgingsliste 1-2013 Gloppen.

009/13 Eventuelt.

Gloppen 31.01.2013

Bjarne Bø (s)
Leiar


Vidar Øvrebø
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

001/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 25.01.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	07.01.2013	001/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

002/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 25.01.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	07.02.2013	002/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 01-13: Vedtak kst sak 098/12 – «Nytt reglement for kontrollutvalet - sluttbehandling», datert 17.12.2012.
- SM 02-13: Skatterekneskapen og årsrapport 2012 frå Skatteoppkrevjaren i Gloppen kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Sakutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:



GLOPPEN KOMMUNE

SAKSPAPIR

SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	17.12.2012	098/12

Avgjerd av: Kommunestyret	Objekt:	Arkivsaknr.:
Saksbehandlar: Jan Kåre Fure	Arkiv: 033 &00	11/983-37

Nytt reglement for kontrollutvalet - sluttbehandling

Vedlegg:

Dok.nr Tittel på vedlegg
186101 Møtebok - sak 030/12 - Reglement for kontrollutvalet i Gloppen kommune

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet ber kommunestyret godkjenner nytt reglement for utvalet.

Saksutgreiing:

Rådmannen viser her til vedlagde kontrollutvalssak 30/12.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Ikkje vurdert.

Rådmannen si vurdering:

Saka om nytt reglement for kontrollutvalet var føre i kommunestyret på møtet den 1. oktober i år og sendt tilbake til utvalet for ny vurdering.

Framlegget som no ligg føre er det same som utvalet tidlegare har bede om vedtak på.
Rådmannen sine merknader til framlegget er ikkje tekne omsyn til.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING:

Kommunestyret har bede kontrollutvalet handsame reglement for kontrollutvalet på ny i kommunestyresak 079/12.

Kontrollutvalet handsama reglementet på ny den 30.11.2012 utan å gjere endringar i opphavleg utkast til reglement.

Kommunestyret godkjenner reglementet for kontrollutvalet i Gloppen kommune.

17.12.2012 KOMMUNESTYRET

Framlegg frå Per Rune Vereide (Sp):

§ 5 i framlegget til reglement, siste ledd:

Siste setning «Kontrollutvalet har ikkje talerett i desse møta» blir stroken.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

098/12 VEDTAK:

Kontrollutvalet si tilråding, med endringsframlegget frå Per Rune Vereide, vart samrøystes vedteken.

SM 02-13



SKATTEOPPKREVJAREN I GLOPPEN KOMMUNE

28.01.2013

Arkivkode :
Dykkar referanse :


SEKOM-SEKRETERIAT
POSTBOKS 338

6802 FØRDE

SKATTEREKNESKAPEN FOR 2012

Sender vedlagt skatteoppkrevjaren i Gloppen kommune sitt årsrekneskap og årsrapport for 2012.

Med helsing


John Morten Selsvik
Skatteoppkrevjar


Oddfrid Rønnekleiv
konsulent skatt

Årsregnskap - kommune - sammendrag

Utvalgsriterier: Komm nr : '1445', År : '2012', Hovedbokstype : 'k'

		Valgt år	Forrige år
	Likvider	36 834 403	36 332 859
	Skyldig skattektreditorene	-2 542 281	-3 817 454
	Skyldig andre	16 437	20 760
	Innestående margin	-34 308 557	-32 536 161
	Udisponert resultat	-2	-3
Sum		0	0
	Arbeidsgiveravgift	-75 019 393	-70 704 686
	Personlige skatteyttere	-376 831 544	-355 116 992
	Selskapsskatt	-157 010 240	-148 330 536
	Renter	29 488	-546 191
	Innfordring	-11 848	-6 338
Sum		-608 843 537	-574 704 743
	Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	75 019 394	70 704 687
	Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	100 168 599	97 297 336
	Fordelt til Fylkeskommunen	24 448 890	22 417 993
	Fordelt til kommunen	114 026 853	107 739 053
	Fordelt til Staten	295 179 802	276 547 397
	Krav som er ufordelt	-1	-1
	Videresending plassering mellom kommuner	0	-1 722
Sum		608 843 537	574 704 743
Sum totalt		0	0

21.1.2013

Henri Høsten Schuck

 **SKATTEOPPKREVJAREN**
I GLOPPEN KOMMUNE
 6823 SANDANE

Forklaring til årsregnskapet


Skatteregnskapet er avlagt etter kontantprinsippet. Skatteregnskapet viser skatter og avgifter mv som er innbetalt i løpet av regnskapsåret.

Innbetalte skatter og avgifter mv er fordelt til kommunen, fylkeskommunen, folketrygden og staten (skattekreditorene), etter gjeldende fordelingstall.

Sumlinjene i årsregnskapet

- **Likvider**
Likvidene i skatteregnskapet består av bankbeholdning for skatt og eventuelt kontantbeholdning.
- **Skyldig skattekreditorene**
Fordelingsoppgjøret til skattekreditorene for desember, står som gjeld i balansen pr. 31.12. Skatteoppkreveren skal utbetale fordelingsoppgjøret til skattekreditorene senest 10. januar.

Dersom dette er et positivt beløp, har skatteoppkreveren en fordring på skattekreditorene. Skattekreditorene skal innbetale dette beløpet til skatteoppkreveren senest 20. januar.
- **Skyldig andre**
Dette beløpet består av uidentifiserte og uplasserte innbetalinger, som ikke er fordelt til skattekreditorene.
- **Udisponert resultat**
Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrounding i skatteregnskapssystemet.
- **Innbetalte skatter og avgifter, Renter, Innfordring**
Dette beløpet er innbetalt arbeidsgiveravgift, forskuddstrekk fratrullet marginavsetning, forskuddsskatt for personlige og upersonlige skattytere, restskatt og overskytende forskudd for personlige og upersonlige skattytere, kildeskatt, samt renter og gebyrer.
- **Fordelt til skattekreditorene**
Dette er innbetalte skatter og avgifter, renter og gebyrer som er fordelt til skattekreditorene.
- **Krav som er ufordelt**
Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrounding i skatteregnskapssystemet.



Årsrapport for 2012

Skatteoppkreveren i Gloppen kommune

1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet

1.1 Skatteoppkreverkontoret

1.1.1 Ressurser

Ressursfordeling	Årsverk	%-andel fordelt
Antall årsverk ved skatteoppkreverkontoret som kun er benyttet til skatteoppkreverfunksjonen i regnskapsåret	1,75	100 %
Ressursbruk ved skatteoppkreverkontoret, fordeling av årsverk	-----	-----
Skatteregnskap	0,65	%
Innfordring av skatt og arbeidsgiveravgift	0,50	%
Arbeidsgiverkontroll	0,40	%
Informasjon og veiledning overfor skatte- og avgiftspliktige og regnskapsførere/revisorer	0,05	%
Skatteutvalg	0,00	%
Administrasjon	0,15	%
(Andel fordelt skal være 100 %)	Sum	100 %

Avstemming av oppgaver fra arbeidsgjevar er teke med under skatterekneskap, mens tidlegare har det vore med under arbeidsgjevarkontroll.

1.1.2 Organisering

Skatteoppkrevjaren har 1,75 årsverk som er fordelt på 2 konsulentar og skatteoppkrevjaren har det overordna ansvaret. Dei tilsette er Oddfrid Rønnekleiv i 70% og Elin Johansen i 100% på skatt. John Morten Selsvik er skatteoppkrevjar.

John Morten Selsvik har det overordna ansvaret for vedlikehold av fullmakter og tilganger i rekneskapssystemet og bank. Elin Johansen har hovudansvar for arbeidsgjevarane m/innfordring og Oddfrid Rønnekleiv har hovudansvar for skatterekneskapen og personlege/upersonlege skattytarar m/innfordring. Begge overlappar kvarandre ved ferieavvikling og anna fråvær. Begge har fullmakter i SOFIE og i bank til attestering og godkjenning av utbetalingar. I tillegg har Grete Liv Tisthamar tilgang til SOFIE for å bistå ved ferieavvikling og anna fråvær.

1.1.3 Ressurser og kompetanse

Skatteoppkrevjar John Morten Selsvik tok til i stillinga 01.10.2008 og hadde frå før ingen kjennskap til skatterekneskapet. Elin Johansen har vore tilsett sidan 2002 og var før det i det private næringsliv som rekneskapsførar og revisjonsmedarbeidar. Oddfrid Rønnekleiv har vore tilsett sidan 1981 og har jobba med skatterekneskap i alle åra.

- **Skatterekneskapet;** Skatteoppkrevjaren meiner kompetansen er tilstrekkeleg og skatterekneskapen vert ført og lagt fram på ein tilfredstillande måte.
- **Innfordring;** Skatteoppkrevjaren meiner kompetansen er tilstrekkeleg. Frå slutten av 2010 opptre skatteoppkrevjaren som særnamsmann. Innfordringsarbeidet vert gjennomført tilfredstillande.
- **Arbeidsgjevarkontrollområdet;** Skatteoppkrevjaren meiner at kompetansen er tilstrekkeleg. Dei planlagde og pålagde kontrollane er gjennomført. Den kontormessige kontrollen er og gjennomført på ein tilfredstillande måte.

2. Skatteregnskapet

2.1 Avleggelse av skatteregnskapet

Avleggelse av skatteregnskapet

Skatteoppkreveren i Gloppen kommune bekrefter at skatteregnskapet for 2012 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldende forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevdere § 3-1.

- Det er mottatt pålegg om regnskapsføringen, rapporteringen og avleggelsen av skatteregnskapet fra regional kontrollenhet.

Årsregnskapet for 2012 følger som vedlegg til årsrapporten, og er signert av skatteoppkreveren.

2.2 Margin

2.2.1 Margin for inntektsåret 2011

Innestående margin for inntektsåret 2011, pr. 31.10.2012	kr	0,-
For lite avsatt margin for inntektsåret 2011 (stryk det som ikke passer)	kr	2.508.394,-

Marginprosent

Prosentats marginavsetning: 10 %. Gyldig fra: 01.01.1900

2.2.2 Margin for inntektsåret 2012

Marginavsetning for inntektsåret 2012, pr. 31.12. 2012	kr	34.308.557
Gjeldende prosentats marginavsetning:	10% Gyldig fra: 01.01.1900	

2.2.3 Kommentarer til marginavsetningen

Marginavsetning har vore 10% i alle år.

Marginoppgjer for dei 3 siste åra:

på alle skatteartar, restskatt person har den største nedgangen med kr. 1.205.031,-. Men det ein liten auke på arb.gjev.avg. og forskotstrekk.

Når det gjeld berostilte krav så er det ingen endring frå 31.12.2011 til 31.12.2012. Berostolte krav utgjer kr. 1.665.512,-.

Det er i 2012 avskreve totalt kr. 106.277,-. Dette er fordelt på 18 krav og 6 skattytarar. Dette er forelda krav, insolvente dødsbu og avslutta konkursbu AS.

Det er ettergjeve restskatt for 1 skattytar på kr. 1.392,-. Dette er ettergjeve etter vedtak i skatteutvalet.

Pensjonsgjevande inntekt er nedsett for 3 skattytarar med tilsaman kr. 83.085,-.

Avskrivning, ettergjeving og nedsetjing av pensjonsgjevande inntekt utgjer totalt kr. 190.754,-.

Sum utlikna skatt personlege skattytarar var for 2011 kr. 359.376.061,-, mens det for 2010 var kr. 343.649.908,-. For upersonlege skattytarar var utlikna skatt for 2011 kr. 157.662.148,-, mens det for 2010 var kr. 147.233.514,-.

Det var i 2012 pr. 31.12.2012 innbetalt kr. 75.019.393,- i arb.gjev.avg., mens det i 2011 pr. 31.12.2011 var innbetalt kr. 70.704.686,-. Av innbetalt arb.gjev.avg. får kommunen ikkje fordelt noko.

Ser vi på restanse restskatt/forskotsskatt personlege skattytarar for alle år, så har 4 skattytarar åleine ein restanse på nesten kr. 4,3 mill.

3.1.3 Restanser eldre år

Inntektsår	Sum restanse (debet)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2010	403.694,-	372.667,-
2009	907.167,-	799.941,-
2008	621.747,-	490.842,-
2007 – 1990	4.797.862,-	-----

3.1.4 Kommentarer til restanser og restanseoppfølgingen for eldre år

Skatteoppkrevjarkontoret har gått gjennom rapporten "Restanseliste – forelda krav" dato t.o.m. 31.12.2012 og sikra at krav ikkje vert forelda uten at det er iverksett tiltak.

Antall krav som var forelda pr. 31.12.2012: 0

Samlet beløp på krav som var forelda pr. 31.12.2012: 0,-

3.2 Innfordringens effektivitet

Skatteoppkrevjaren har i 2012 ikkje sendt tvangssalg til tingretten.

3.2.3 Omtale av spesielle forhold

Den totale restansesituasjonen i 2012 har halde fram med den positive nedgangen. Det har ikkje vore nokon andre spesielle forhold i 2012 enn det som er nemnt ovanfor.

3.2.4 Kontorets eventuelle tiltak for å bedre effektiviteten i innfordringen

Skatteoppkrevjaren vil halde fram med å jobbe aktivt og målretta med restansane for å kunne føre vidare det gode resultatet frå 2012.

3.3 Særnamskompetanse

Skatteoppkrevjaren tok i siste halvår 2010, etter å ha delteke på kurs hos Skatt vest, i bruk særnamskompetansen for utlegg. Vi har i 2012 halde alle utleggsforretningane sjølve. Fleire har vore varsla, men restansen vart betalt før utleggsforretning vart halde. Det er første år vi ikkje har brukt lensmannen til eit einaste utlegg.

I dei fleste saker er det heilt klar ein fordel at skatteoppkrevjaren held utlegg sjølv. Det vert ein raskare og enklare saksgang (slepp lensmannen som mellomledd) Dette er nok ein av grunnane til den positive utviklinga i restansane.

4. Arbeidsgiverkontroll

4.1 Organisering av arbeidsgiverkontrollen

Skatteoppkrevjaren i Gloppen er ikkje med i noko interkommunalt samarbeid. Alle kontrollane er haldne av tilsett ved skatteoppkrevjaren i Gloppen sitt kontor.

4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller

Antall planlagte kontroller for 2012: 17

Som utgjør: 5 % av totalt antall leverandører av LTO i kommunen.

Antall gjennomførte kontroller 2012: 17

Som utgjør: 5 % av totalt antall leverandører av LTO i kommunen.

Antall gjennomførte kontroller i 2011: 17

4.3 Resultater fra arbeidsgiverkontrollen

003/13 EIGENVURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SIN UBUNDENSKAP

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 25.01.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	07.02.2013	003/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	
Kommunestyret	-	-	-	

Saksvedlegg

Vurdering av ubundenskap, datert 13.01.13

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova § 79.
Forskrift om revisjon av 15.06.2004.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Gloppen kommune, Markvard Sunde, si eiga vurdering av ubundenskap datert 13.01.13 til vitande. Saka vert sendt til kommunestyret til orientering.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

EIGENVURDERING AV OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR SIN UBUNDENSKAP

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Det vert vist til Forskrift om revisjon av 15.06.2004 § 15.

Sitat:

” Den som foretar revisjon skal løpende vurdere sin uavhengighet. Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, avgi en skriftlig eigenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. ”

Saksopplysningar:

Markvard Sunde, oppdragsansvarleg revisor for Gloppen kommune, har i brev datert 13.01.13 gjeve ei skriftleg eigenvurdering av sin ubundenskap. Sjå vedlegg.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppdragsansvarleg revisor har vurdert sin ubundenskap med utgangspunkt i dei objektivitetskrav som kjem til uttrykk i Kommuneloven § 79 og Forskrift om revisjon §§ 13 og 14. Det er ikkje opplysningar i eigenvurderinga som svekkar oppdragsansvarleg revisor sin tillit m.o.t ubundenskap og objektivitet overfor Gloppen kommune.

Til
Kontrollutvala i kommunane i revisjonsdistriktet

Kopi til:
Samstyret for Kommunerevisjonen i Nordfjord

Vurdering av oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap

Ifølge revisjonsforskrifta § 15 skal oppdragsansvarleg revisor kvart år, og elles ved behov, gi ei skriftleg eigen vurdering til kontrollutvalet kring eige sjølvstende. Kravet til sjølvstende og objektivitet gjeld og revisor sine medarbeidarar, men det er berre oppdragsansvarlege revisorar som er pliktige til å legge fram ei skriftleg vurdering for kontrollutvalet.

Lova sine krav til revisor sitt sjølvstende

Følgjande kjem fram av kommunelova § 79:

- Den som utfører revisjon for ein kommune kan ikkje ivareta revisjons- og kontrolloppdrag for kommunen dersom revisor eller revisor sine nærstående har ei tilknytning til verksemda som vert revidert eller kontrollert, verksemda sine tilsette eller tillitsmenn, som gjer at dette er eigna til å svekke revisor sitt sjølvstende og objektivitet. Som nærstående vert å rekne:
 - a) ektefelle og ein person som vedkommande bur saman med i ekteskapsliknande forhold.
 - b) slektningar i rett oppstigande eller nedstigande line og sysken, og deira ektefelle eller personar som dei bur saman med i ekteskapsliknande forhold.
 - c) slektningar i rett oppstigande eller nedstigande line og sysken til ein person som nemnd under bokstav a.

Det same gjeld dersom det finst særeigne tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til revisor sitt sjølvstende og objektivitet ved utføring av oppgåvene. Tilsetting som revisor i kommunen eller fylkeskommunen, eller i ei interkommunal samarbeidsordning, medfører ikkje i seg sjølv at revisor manglar naudsynt sjølvstende og objektivitet.

Krava til sjølvstende er nærare spesifisert i revisjonsforskrifta § 13:

- Revisor kan ikkje ha andre stillingar hos kommunen eller i verksemd som den aktuelle kommunen deltek i, ved sidan av revisoroppdraget.
- Revisor kan ikkje vere medlem av styrande organ i verksemd som kommunen deltek i.
- Revisor kan ikkje delta i eller ha funksjonar i anna verksemd, når dette kan føre til at vedkommande sine interesser kjem i konflikt med interessene til oppdragsgjevar eller på annan måte er eigna til å svekke tilliten til den som utfører revisjon.

Org.nr:	Kommune:	Adresse:		Telefon:
976 304 470	EID	Rådhusvegen 11	6770 Nordfjordeid	57 88 58 87
	GLOPPEN	Postboks 300	6821 Sandane	57 00 92 64
	HORNINDAL	Postboks 24	6761 Hornindal	57 87 98 08
E-postadresse:	SELJE		6740 Selje	97 99 04 26
revisor@stryn.kommune.no	STRYN	Tonningsgata 4	6783 Stryn	57 87 48 18 -19
	VÅGSØY	Postboks 294	6701 Måloy	57 84 50 29

I tillegg gjeld følgjande avgrensing ved utføring av oppgåver, jf revisjonsforskrifta § 14:

- revisor kan ikkje utføre rådgiving eller andre tenester dersom dette er eigna til å påverke eller reise tvil om revisor sitt sjølvstende og objektivitet
- revisor kan ikkje gi tenester som høyrer til den revisjonspliktige sine egne leiings- og kontrolloppgåver
- revisor kan ikkje opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, med unntak av bistand i skattesaker etter domstollova.

Oppdragsansvarleg revisor si vurdering:

Pkt 1: Tilsettingstilhøve.	<i>Eg har ikkje tilsettingstilhøve i andre stillingar enn i kommunerevisjonen.</i>
Pkt 2: Medlem i styrande organ.	<i>Eg er <u>valt styremedlem i Stryn Røde Kors</u>, men er ikkje medlem av styrande organ i verksemdar som kommunane i revisjonsdistriktet deltek i.</i>
Pkt 3: Å delta eller ha funksjonar i anna verksemd, som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit.	<i>Eg deltek ikkje i eller har funksjonar i anna verksemd som kan føre til interessekonflikt eller svekka tillit til rolla som revisor.</i>
Pkt 4: Nærstående.	<i>Eg har ikkje nærstående som har tilknytning til kommunane slik at dette har betydning for sjølvstende og objektivitet.</i>
Pkt 5: Rådgiving eller andre tenester som er eigna til å påverke revisor sin habilitet.	Før slike tenester vert utført gjer eg ei vurdering av rådgivinga eller tenesta sin art i høve til mitt sjølvstende og objektivitet. Dersom vurderinga konkluderer med at utføring av slik teneste kjem i konflikt med vilkåra i forskrifta § 14, kan eg ikkje utføre tenesta. Kvar enkelt tilfelle må vurderast særskild. Revisor gir jamleg svar på spørsmål som vert å sjå som rettleiing og støtte og ikkje revisjon. Paragrafen seier at og slike rettleiingar må skje med varsemd og på ein måte som ikkje bind opp revisor ved seinare revisjons- og kontrollvurderingar. <i>Eg gir ikkje rådgiving eller andre tenester til kommunane som kjem i konflikt med dette vilkåret.</i>
Pkt 6: Tenester som høyrer til kommunen sine egne leiings- og kontrolloppgåver.	<i>Eg har ikkje gitt tenester til kommunane som høyrer til kommunane sine egne leiings- og kontrolloppgåver.</i>
Pkt 7: Opptre som fullmektig for den som er revisjonspliktig.	<i>Eg opptre ikkje som fullmektig for nokon av kommunane.</i>
Pkt 8: Andre særskilde tilhøve.	<i>Eg kjenner ikkje til andre særskilde tilhøve som er eigna til å svekke tilliten til sjølvstende og objektivitet.</i>


Markvard Sunde
Revisjonssjef

004/12 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I GLOPPEN 2013

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 25.01.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval Formannskap Kommunestyret	25.01.2013	004/13 - -	- - -	Ja

Saksvedlegg.

- Forslag til møteplan i kontrollutvalet.
- Møteplan 2013 for Gloppen kommune.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Møteplan for kontrollutvalet i Gloppen for 2013 vert godkjent.
-

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET I GLOPPEN 2013

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Møteplan for kontrollutvalet i Gloppen for 2013.

Saksopplysningar:

Forslag til møteplan er vedlagt.

I arbeidet med å koordinere møta til kontrollutvala i SEKOM-sekretariat sitt område, for den langsiktige planlegginga sin del og for at kontrollutvalsmedlemene skal kunne koordinere sine planar og gjeremål, har ein funne det tenleg å lage planar for kva tid kontrollutvalsmøta skal haldast i 2013 i dei ulike kommunane. I planen for kvar kommune er det, under føresetnad av at det ikkje vert endringar i desse, teke omsyn til kva tid det skal vere formannskaps- og kommunestyremøtet. Planen må sjåast på som eit utgangspunkt for kva tid det skal vere møte. Det kan kome endringar som følgje av saker som kjem på og som hastar eller av andre årsaker. Møteinnkalling vil alltid bli sendt ut i førekant av møte, og hovudsakleg skal dette skje minst ei veke før møtet vert halde.

Sekretariatet sine vurderingar:

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVAL GLOPPEN KOMMUNE 2013

MÅNAD	JAN	FEB	MAR	APR	MAI	JUN	JUL	AUG	SEP	OKT	NOV	DES
KONTROLLUTVAL		7.			3.	5.		22.			28.	
FORMANNSKAP	21.		14.	25.	23.	6.		29.	19.	17.	21. - 28.	16.
KOMMUNESTYRET	28.		18.			17.			30.		4.	16.



Gloppen kommune

Møtekalender for 2013

	Jan.	Febr.	Mars	Apr.	Mai	Juni	Juli	Aug.	Sep.	Okt.	Nov.	Des.
Kommunestyret	28. ²		18.			17.			30.		4. ²	16.
Formannskapet	21. ¹		14.	25.	23.	6.		29.	19.	17.	21. og 28. ⁴	16.
Helse- og omsorgsutvalet	29.		5.	23.		4.			17.	15.	12. og 19.	10.
Kultur- og miljøutvalet	29.		5.	23.		4.			17.	15.	12. og 19.	10.
Oppvekstutvalet	29.		5.	23.		4.			17.	15.	12. og 19.	10.
Teknisk og landbruksutvalet	29.		5.	23.		4.			17.	15.	12. og 19.	10.
Administrasjonsutvalet	21.		14.		23.					17.		12.
Elderrådet	24.	28.		18.	30.			22.	12.	10.	14.	
Rådet for funksjonshemma		28.		18.	30.				12.		14.	
Kontrollutvalet												
Nordfjordrådet		4.		22.		17.		26.		14.		9.
Valstyret								9. og 10.				

¹ Fellessamling med Eid formannskap

² Hovudtema på dette møtet blir kommunen sine interesser og eigedom knytt til kraftverk og kraftproduksjon

³ Presentasjon av rådmannen sitt framlegg til årsbudsjett for 2014 og økonomiplan for 2014-2017

⁴ Vedtak om utlegging av formannskapet sitt framlegg til årsbudsjett for 2014 og økonomiplan for 2014-2017.

005/13: FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – PROSJEKTPLANLEGGING I GLOPPEN KOMMUNE - PROSJEKTPLAN

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat
Dato: 30.01.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	07.02.2013	005/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- RSK001.
- Kontrollutvalssak 031/12.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Prosjektplanen for forvaltningsrevisjonsprosjektet ” Prosjektplanlegging i Gloppen kommune” vert lagt fram for kontrollutvalet av Kommunerevisjonen i Nordfjord på møtet den 3. mai.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – PROSJEKTPLANLEGGING I GLOPPEN KOMMUNE - PROSJEKTPLAN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø.

Innleiing – Kva saka gjeld

Kommunerevisjonen i Nordfjord skal legge fram prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjektet ” Prosjektplanlegging i Gloppen kommune”

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøtet 30.11.2012 sak 31/12 vart tinging av forvaltningsrevisjonsprosjektet ” Prosjektplanlegging i Gloppen kommune” handsama, og det vart gjort følgjande vedtak:

- *Tinginga for prosjektet ”Prosjektstyring i Gloppen kommune”.*
- *-Tingingsdokumentet vert sendt over til Kommunerevisjonen i Nordfjord for operasjonalisering.*
- *Kommunerevisjonen i Nordfjord vert kalla inn til neste møte for å gje tilbakemelding på tinginga.*

Av RSK001 går det fram at revisor skal lage gjennomføringsplan og gje tilbakemelding på tingingar av forvaltningsrevisjon.

Utskrift RSK001:

11) Revisor plikter å vurdere kontrollutvalgets bestilling i forhold til gjennomførbarhet og revisors faglige uavhengighet. Dersom revisor finner det påkrevd, må revisor avklare bestillingen med kontrollutvalget, eventuelt vurdere å si fra seg forvaltningsrevisjonsprosjektet.

18) For hvert prosjekt skal det utarbeides en skriftlig prosjektplan hvor det redegjøres for prosjektets problemstilling(er), revisjonskriterier eller grunnlaget for disse, og metodebruk.

19) Prosjektplanen bør også redegjøre for milepæler i prosjektet og planlagt tids- og ressursbruk, inklusive bruk av ekstern bistand. I tillegg kan det i prosjektplanen redegjøres for bakgrunn for prosjektet, avgrensinger, formål og annen relevant informasjon.

Problemstilling(er)

20) Det skal utarbeides problemstilling(er) for den enkelte forvaltningsrevisjonen.

21) Med utgangspunkt i bestillingen fra kontrollutvalget må revisor operasjonalisere problemstilling(e) slik at de blir tilstrekkelig konkretisert og avgrenset til å kunne besvares.

Kommunerevisjonen har meldt frå at dei er forhindra i stille med prosjektplan på møtet den 07.02.2013.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet vurderer det slik at kommunerevisjonen blir kalla inn til neste kontrollutvalsmøte i Gloppen, som etter plane skal haldast den 3. mai for legge fram ein prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjektet ” Prosjektplanlegging i Gloppen kommune”.

006/12 PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL – GLOPPEN KOMMUNE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 25.01.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	07.02.2013	06/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

Saksvedlegg

- Dokumentet ”Plan for selskapskontroll Gloppen kommune 2012 – 2016” med vedlegg.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.
- Kommunestyresak 078/12 «Alarmsentralen Sogn og Fjordane – eigarskapskontroll – Gloppen kommune»

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Planen for selskapskontroll i Gloppen kommune for perioden 2012 – 2016 vert godkjent.

Kontrollutvalet si tilråding til bystyret:

PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL - GLOPPEN KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Det skal lagast plan for kontroll av selskap Gloppen kommune eig 100% av eller er medeigar i for valperioden 2012 – 2016.

Saksopplysningar:

Det vert vist til utkast til plan for selskapskontroll for Gloppen kommune for utfyllande opplysningar.

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar, skal det lagast plan for selskapskontroll for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet, altså innan 31.12.2012. Kommunestyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Selskapskontroll kan delast i to kategoriar:

1. Eigarskapskontroll inneber hovudsakleg å kontrollere at den som utøver eigarskapen for kommunen gjer dette i samsvar med gjeldande lover og reglar og i samsvar med bystyret sine vedtak og føresetnader.
2. Forvaltningsrevisjon inneber å gå inn i selskapet å sjå på økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad av vedtak og føresetnader.
3. Kommunelova § 80 gjev også heimel for at kontrollutvalet og kommunen sin revisor kan gjere undersøkingar. Dette treng då ikkje nødvendigvis vere eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon.

Eigarskapskontroll er etter § 77 pkt. 5 i kommunelova obligatorisk for alle selskap kommunen er medeigar i sjølv om desse ikkje er 100% kommunalt eigde.

Kva selskap ein kan gjennomføre forvaltningsrevisjon i avgrensar seg i §80 i kommunelova ved at kontrollutvalet og kommunen sin revisor berre har innsynsrett i selskap som er 100% kommunalt eigde. Det er likevel ikkje til hinder at ein kan be ikkje kommunale eigarar om å få innsynsrett. I aksjeselskap der den kommunale eigardelen er 2/3 eller meir, kan dei kommunale eigarane gjennom vedtektsendring opne for fullt innsyn.

Kontrollutvalet skal i denne saka gje innstilling om plan for selskapskontroll. kommunestyret gjer vedtak etter innstillinga frå kontrollutvalet.

Sekretariatet sine vurderingar:

P L A N

F O R

S E L S K A P S K O N T R O L L

2012 -2016



INNHALDSLISTE

1. Bakgrunn

2. Innhaldet i selskapskontrollen

Heimel

Innsynsrett

Kva består selskapskontroll i

Organisasjonsformer for kommunale verksemder

Kommunale føretak

Interkommunalt samarbeid

Interkommunalt samarbeid, eige rettssubjekt

Vertskommunesamarbeid

Interkommunalt selskap

Aksjeselskap(AS)

AS/ASA – deleigd av kommunale aktørar

Samvirkeforetak ((SA)

Stifting

Val av organisasjonsform

3. Formålet med selskapskontroll

Eigarskapskontroll

Forvaltningsrevisjon

Undersøkingar

4. Kommunen si oppfølging av selskap

Eigarskapsstrategi for selskap Gloppen kommune eig eller er medeigar i.

5. Gjennomføring, rapportering og oppfølging av kontrollen

Gjennomføring – retningslinjer

Rapportering

Oppfølging

Vedlegg:

Oversikt over selskap Gloppen Kommune eig eller er medeigar i:

Dokument ikkje vedlagt:

Kommunestyresak 078/12 «Alarmsentralen Sogn og Fjordane – eigarskapskontroll – Gloppen kommune»

1. Bakgrunn

Kommunane har i lang tid gjort meir og meir bruk av fristilte organisasjonsmodellar. Denne utviklinga har ført til meir kompleks organisering av den kommunale verksemda. Dette inneber utfordringar når det gjelder styring, og det reiser spørsmål knyta til kontroll og tilsyn.

Kommuneloven kapittel 12 omhandlar internt tilsyn, kontroll og revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Kommunal- og regionaldepartementet har laga forskrifter om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar og Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar. Lova og forskriftene inneheld reglar vedkomande kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m.

Kommunal og regionaldepartementet har i Prop. 119 L foreslått ein del endringar i kommunelova som også omfattar kontroll med selskap. Endringsforslaga er innarbeida i plandokumentet.

2. Innhaldet i selskapskontrollen

Heimel

Heimel for selskapskontroll er kommuneloven (KL) § 77 nr 5, som fastset at kontrollutvalet skal «påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens (...) interesser i selskaper m.m., jf tilsvarende formulering i § 13 første lekk i forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner (FK). Etter § 13 andre lekk skal det «minst ein gang i valperioden utarbeides plan for gjennomføring av selskapskontroll. Dette skal skje senest innen utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert». Tredje ledd fastset at kommunestyret vedtek planen.

Innsynsrett

KF § 13 må sjåast i samanheng med KL § 80 som regulerer kontrollutvalet og den som utfører selskapskontrollen sin innsynsrett i selskap. Kommunal- og regionaldepartementet har foreslått endring i § 80 og den vil då lyde slik:

« I interkommunale selskaper etter lov 29. januar 1999 nr. 6, i interkommunale styrer etter § 27 og i aksjeselskaper der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner, fylkeskommuner eller interkommunale selskaper direkte eller indirekte eier alle aksjer,, har kommunens eller fylkeskommunens kontrollutvalg og revisor rett til å kreve de opplysninger som finnes påkrevd for deres kontroll, så vel fra selskapets daglige leder som fra styret og den valgte revisor for selskapet. I den utstrekning det finnes nødvendig, kan kontrollutvalget og kommunens revisor selv foreta undersøkelser i selskapet.

Kommunestyret eller fylkestinget kan fastsette regler om kontrollutvalgets og revisors kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskapet og herunder fastsette hvilke dokumenter mv. som skal sendes kommunens eller fylkeskommunens kontrollutvalg og revisor.

Kontrollutvalget og kommunens eller fylkeskommunens revisor skal varsles og har rett til å være tilstede på selskapets generalforsamling, samt møter i representantskap og tilsvarende organ.»


Kva består selskapskontroll i

Selskapskontroll kan delast i tre delar, eigarskapskontroll (obligatorisk), forvaltningsrevisjon (frivillig) og undersøkingar (frivillig).

Selskapskontroll (kommuneloven § 77 nr. 5)	Obligatorisk eigarskapskontroll: Kontroll med forvaltinga av kommunens eigarinteresser i selskap.
	Valfri forvaltningsrevisjon: Systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret eller fylkestinget sine vedtak og føresetnader.
	Undersøkingar Kommunelova § 80 gir også heimel for at kontrollutvalet og kommunen sin revisor kan gjere undersøkinga. Dette treng då ikkje nødvendigvis vere eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon.

Figur 1: Modell som viser kva som inngår i omgrepet selskapskontroll

I figuren under er skissert ein modell for selskapskontroll:



Figur 2: Modell for selskapskontroll

Organisasjonsformer for kommunale verksemdar

Det kan vere ulike **grunnar** til at kommunar opprettar eller går inn i selskap:

- effektivisering av drifta
- klarare ansvarsforhold
- trong for å samarbeide med andre om tenesteproduksjon
- investering med tanke på økonomisk profit
- investering pga. samfunnsansvar (for eksempel å sikre arbeidsplassar) og/eller for å støtte den tradisjonelle etatsordninga.

Organisasjonsform, lovheimel m.m:

1. Kommunale føretak. KL kap 11.

Er eit forvaltningsorgan. Kommunen kan avgjere at utvalde tenestområde kan organiserast som kommunalt føretak. Føretaket er framleis ein del av kommunen. Kommunen er eigar og kommunestyret er eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsynsrett etter KL § 77 nr 7.

2. Interkommunalt samarbeid. KL § 27.

Er eit forvaltningsorgan. To eller fleire kommunar kan opprette eit eige styre til å løyse felles oppgåver. Kommunen er eigar og kommunestyret er eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsynsrett etter KL § 77 nr 7, dersom det ikkje er eige rettssubjekt.

3. Interkommunalt samarbeid. KL § 27. Eige rettssubjekt

To eller fleire kommunar kan opprette eit eige styre til å løyse felles oppgåver. Samarbeidsavtale/vedtektene seier kva fullmakter styret har. Kommunen er eigar og styret eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre selskapskontroll (både eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsyn eller KL. § 80 (etter forslag om endring i kommuneloven).

4. Vertskommunesamarbeid. KL §§ 28a, 28b og 28c.

Er eit forvaltningsorgan. Ein kommune overlet utføringa av lovpålagde oppgåver til ein vertskommune. Kommunen er eigar og kommunestyret er eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn og kan utføre forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsynsrett etter KL § 77 nr 7 (Gjeld vertskommunen).

5. Interkommunalt selskap (IKS). IKS- loven.

Dette er eit eige rettssubjekt som er regulert av IKS-lova. Eit IKS er eit selskap der berre kommunen kan delta, men det er rettsleg og økonomisk åtskild frå deltakarkommunane. Kommunen er eigar. Representantskapet er eigarorgan. Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontroll kan omfatte både eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet har fullt innsyn etter KL § 80.

6. Aksjeselskap (AS) – heileigd av kommunale aktørar og. Aksjeloven.

Er eige rettssubjekt. Kommunen er eigar. Generalforsamlinga er eigarorgan.

Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontroll kan omfatte både eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon.

Kontrollutvalet har fullt innsyn etter KL § 80.

7. AS/ASA – deleigd av kommunale aktørar. Aksjeloven og allmennaksjeloven.

Er eige rettssubjekt.

Kommunen og private aktørar er eigar. Generalforsamlinga er eigarorgan.

Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontrollen kan omfatte eigarskapskontroll, og forvaltningsrevisjon etter samtykke om innsyn.

Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.

8. Samvirkeforetak (SA). Samvirkeloven.

Er eige rettssubjekt. Samvirkeforetaket er ei samanslutning med hovudføremål å fremje dei økonomiske interessene til medlemmene ved at desse deltek i verksemda til føretaket, som forbrukarar, leverandørar eller liknande.

Medlemene er eigarar. Årsmøtet er eigarorgan.

Kontrollutvalet har generelt tilsyn. Selskapskontroll (eigarskapskontroll, og forvaltningsrevisjon etter samtykke om innsyn).

Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.

9. Stifting. Stiftelsesloven.

Eige rettssubjekt. Med stifting blir det foreslått at ein formuesverdi er stilt til rådvelde for eit bestemt føremål av ideell, humanitær, kulturell, sosial, utdanningsmessig, økonomisk eller annan art. Når stiftinga er oppretta, har opprettaren ikkje lenger rådvelde over formuesverdien som er overført stiftinga

Det er ingen eigarar. Stiftingar er sjølvvegande.

Kontrollutvalet har ingen tilsyn, utan at det er avtala.

Innsyn må avtalast eller baserast på opne kjelder.

Val av organisasjonsform

Kommunal- og regionaldepartementet seier i Kontrollutvalsboka bl.a:

«Organisasjonsform bør veljast med utgangspunkt i kva oppgåver som skal utførast og føremålet kommunen har med selskapsetableringa. Val av organisasjonsform har også konsekvensar for korleis kommunen kan styre og gjennomføre kontroll og tilsyn med selskapa. Dette er viktige omsyn som kommunestyret må tenkje gjennom når dei tek stilling til korleis den kommunale verksemda skal organiserast. Dette er eit tema som også eigarskapsstrategien for kommunen bør omtale.

Kontrollutvalet skal fylgje med på sakene i kommunestyret knytte til etablering av selskap. Og sjå etter om kontroll - og tilsynskonsekvensane er vurderte.»

3. Formålet med selskapskontroll

Selskapskontroll er eit middel for å sjå til at forvaltninga av kommunen sine eigarinteresser fungerer tilfredsstillande i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader og i samsvar med aktuelle lover og reglar.

Eigarskapskontroll

Formålet med eigarskapskontroll er å kontrollere om den som utøve kommunen sine eigarinteresser, utøve mynde slik det fastsett i den aktuelle verksemdlova, samt tek i vare kommunen sine interesser i samsvar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

Eigarskapskontroll avgrensar seg til ei vurdering av om eigarane har etablert tilfredsstillande ramme for styring, og at verksemda faktisk opererer i tråd med formålet. Ei materiell vurdering av selskapet si organisering, drift og funksjon fell difor utanfor denne kontrollen.

Forvaltningsrevisjon

Ved behov kan det også gjennomførast forvaltningsrevisjon av selskap. I eit selskap med statlege eller private eigarinteresser må dette – om ikkje anna er avtala mellom eigarane, skje med utgangspunkt i opne kjelder, fordi innsynsretten etter KL § 80 gjeld.

Formålet med forvaltningsrevisjon vil vere å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Ein slik revisjon vil såleis ha fokus på sjølve aktiviteten og resultat i selskapet.

Undersøkingar

Undersøkingar kan også gjennomførast, og kan vere aktuelt dersom det viser seg behov for å sjå på eller sjekke opp i mindre eller spesielle tilhøve utan at ein treng å gjennomføre ein forvaltningsrevisjon, med ei formelle reglar som då fylgjer. I eit selskap med statlege eller private eigarinteresser må dette – om ikkje anna er avtala mellom eigarane, skje med utgangspunkt i opne kjelder, fordi innsynsretten etter KL § 80 gjeld også her.

4. Kommunen si oppfølging av selskap

Ein eigarskapskontroll i eit kommunalt eigd selskap vil vere basert på selskapets vedtekter og kommunen sin strategi i selskapet.

Kontrollen vil også basere seg på lov om interkommunale selskap og andre lover gjeldande for det aktuelle selskapet som er gjenstand for eigarskapskontroll.

5. Gjennomføring og rapportering av kontrollen

Kontrollutvalet sitt engasjement i selskapskontroll vil då vere svært avhengig av korleis kommunestyresakene vert følgt opp.

Gjennomføring - retningslinjer

1. Kontrollutvalet skal utføre selskapskontroller pålagde av kommunestyret (Gjeld både eigarskapskontroll, forvaltningsrevisjon og undersøkingar).
2. Kontrollutvalet skal sjå til at retningslinjer og rutinar for eigarskap og økonomiske engasjement verkar etter føresetnadane.
3. Kontrollutvalet kan sjølv avgjere om dei skal gjennomføre selskapskontrollar. Det er særleg viktig i tilfelle der vedtekne retningslinjer og økonomiske engasjement ikkje vert følgt opp.
4. Kontrollutvalet kan ut frå eigne vurderingar sjølv avgjere om det skal utførast forvaltningsrevisjon eller undersøkingar i selskap som lekk i ein selskapskontroll.
5. Kontrollutvalet får fullmakt til å fastsetje kva dokument som skal sendast kontrollutvalet (medlemene og sekretariatet), kommunen sin revisor
6. Kontrollutvalet får fullmakt til samordne utføringa av selskapskontroll med kontrollutval i andre eigarkommunar.
7. Kontrollutvalet kan fråvike fastsette retningslinjer om spesielle tilhøve skulle tilseie det

Rapportering

Rapporter etter gjennomført selskapskontroll skal sendast frå utførar til kontrollutvalet. Etter at kontrollutvalet har behandla rapporten skal den sendast til kommunestyret.

Kontrollutvalet rapporterer og om gjennomførte selskapskontrollar og resultatet av desse i si årsmelding.

Oppfølging

Kontrollutvalet kan om dei finn det nødvendig foreta etterkontroll av utførte selskapskontrollar, då etter same retningslinene for gjennomføring som kjem fram framom.

007/13 ÅRSMELDING 2012 FRÅ KONTROLLUTVALET I GLOPPEN

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat

Dato: 25.01.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	07.02.2013	007/13	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyre		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Framlegg til årsmelding 2013 frå kontrollutvalet.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Forskrift for kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Årsmelding 2013 frå kontrollutvalet i Gloppen kommune vert godkjent.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

ÅRSMELDING 2012 FRÅ KONTROLLUTVALET I GLOPPEN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Årsmelding 2012 frå kontrollutvalet til kommunestyret

Saksopplysningar:

Årsmelding frå kontrollutvalet er vedlagt.

Årsmeldinga vert stila til kommunestyret og er eit ledd i rapporteringa til dette organet. Jfr. kml. § 77 pkt. 6 som seier at kontrollutvalet skal rapportere resultatet av sitt arbeid til kommunestyret.

Årsmeldinga inneheld opplysningar om medlemer i kontrollutvalet, kven som har vore sekretariat for kontrollutvalet, oppgåvene til kontrollutvalet etter kommunelova §77 og forskrift til denne, omtale av saker som har blitt handsama og informasjon om arrangement kontrollutvalsmedlemene har delteke på.

Årsmeldinga skal vedtakast av kommunestyret.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Gloppen kommunestyre

ÅRSMELDING 2012 FRÅ KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet til Gloppen kommune har i år 2012 vore samansett slik:

Valperioden 2011 – 2015:

Medlemer:

Bjarne Bø (Leiar)

Hans Os (Nestleiar)

Irene Moen

Tone Lise Jakobsen

Svein Helge Hovstad

Varamedlemer:

1. Vigdis Henden

2. Karoline Bjerkeset.

3. Jenny Hysing.

I 2012 har SEKOM-sekretariat vore sekretariat for kontrollutvalet..

Virkeområda til kontrollutvalet er fastsett i kommunelova § 77. Til denne paragrafen er det laga eiga forskrift; "Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar" av 15. juni 2004. Kontrollutvalet har som intensjon å utføre kontroll- og tilsynsarbeidet, som inneber å føre tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltinga på vegne av kommunestyret og sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning, i samsvar med dette lovverket.

I 2012 har kontrollutvalet i Gloppen hatt fem møte der det er handsama i alt 27 saker.

Når det gjeld forvaltningsrevisjon har kontrollutvalet handssama overordna analyse, gjeve tilråding til kommunestyret om plan for forvaltningsrevisjon i perioden 2012 til 2015 og det har tinga forvaltningsrevisjonsprosjektet «Prosjektplanlegging i Gloppen kommune». Det er venta levering av rapport for prosjektet mot slutten av 2013.

Kontrollutvalet vurderte å gå over på ei papirlaus løysing for utsending av dokument, men valte å halde fram på noverande løysing.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Kontrollutvalet har kalla inn rådmannen for å få orientering i følgjande saker:

- Investeringsprosjekt.
- Leiarutviklingsprogram.
- Rekneskapar avslutta investeringsprosjekt – Gloppen kommune.

Kontrollutvalet har i 2012 kome med tilråding om budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i 2013. Som følge av måten sekretariat og revisjon er organisert på, er det berre for drifta av kontrollutvalet det er gjeve tilråding om budsjett. Denne tilrådinga frå kontrollutvalet skal vere vedlagt kommunen si budsjettsak når formannskapet gjev tilråding til kommunestyret i saka og når kommunestyret gjer vedtak i saka.

Oppdragsansvarleg revisor skal årleg gjere ei eigenvurdering av ubundenskap. Kontrollutvalet tok eigenvurderinga til vitande.

Kontrollutvalet har gjeve innstilling til kommunestyret om reglement for kontrollutvalet. Reglementet vart etter ei endring godkjent i kommunestyret.

Som faste saker på saklista har kontrollutvalet «Godkjenning av innkalling og sakliste» «Skriv og meldingar», «Oppfølgingsliste» og «Eventuelt»

Utover dette har kontrollutvalet handsama sakene «Årsrekneskapen 2011», «Møteplan 2012 for kontrollutvalet» og «Årsmelding 2011 frå kontrollutvalet».

Kontrollutvalet meiner at dei har gjennomført oppgåvene i samsvar med kommunelova § 77 og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar når det gjeld tilsyn og kontroll med administrasjonen.

Kontrollutvalet har også gjennomført oppgåva med å sjå til at kommunen har ei tilfredsstillande revisjonsordning gjennom å handsame sak om revisor si uavhengigheit og gjennom å følgje med på det arbeidet revisor leverer i form av rapportar med meir etter tinging frå kontrollutvalet.

Sandane den 07. februar 2013

Bjarne Bø
Leiar

Hans Os
(Nestleiar)

Vigdis Henden

Tone Lise Jacobsen

Svein Helge Hovstad

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

008/13 OPPFØLGINGSLISTE 1-2013

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 25.01.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	07.02.2013	008/13	-	Ja
Formannskap		-	-	
Kommunestyre		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 1-2013 Gloppen.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 1-2013 vert teken til vitande.
-

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 1-2013 GLOPPEN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 25. januar 2013.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 1-2013 - Gloppen.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Gloppen kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
019/10: Kontrollutvalsarbeid – tiltak.	2.12.10		02.12.10: Vedtak KU 13.02.10 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor. Orientering investeringsprosjekt kvart år i september. 18.07.11 Svar frå Gloppen om mottak av brev om orientering i neste møte.
018/10 Rutinar avslutta investeringsprosjekt – Uttale frå kontrollutvalet	02.12.10		02.12.10 Tilråding til kst. 03.12.10 saka s. Gloppebn kommune. 13.12.10 Vedtak kst sak 057/10: - <i>Gloppen kommune bør utarbeide økonomireglement eller rutinar der det går fram at avslutta prosjektrekneskapar med bruttokostand over kr 2.000.000,- skal leggjast fram for kontrollutvalet for uttale før det vert sendt over til formannskapet for tilråding og kommunestyret for endeleg vedtak.</i> - <i>Det bør leggjast fram sluttrapport og rekneskapar for avslutta prosjekt snarast.</i> 11.06.12: I samband med kontrollutvalsmøte og gjennomgang av årsrekneskapen for 2011 vart det stadfesta at dette ikkje er effektivt. 24.08.12 Brev Sjå sak 032/12
11/11 Rapport eigarskapskontroll Alarmsentralen	01.06.11		01.06.11: Tilråding til kst. 01.06.11: s kst. 14.07.11 Påminning om saka. 18.07.11 Stadfesting mottak av påminning. 23.02.12 Brev til Gloppen kommune 04.06.12 Brev lagt som sm til møtet i KU. 01.10.12 Handsama i kommunestyret
Sak 030/11Reglement for kontrollutvalet.	02.12.11		02.12.11Vedtak KU- Kommunestyret godkjenner reglementet for kontrollutvalet i Gloppen. 06.12.11 Reglementet for kontrollutvalet sendt til KS 23.02.12 Brev til fmsk om ku sin innstillingsrett til kst. 23.02.12 Div e-postar 24.05.12 E-post til sh om status. 04.06.12 Brev av 23.2.12 Lagt som sm til møtet i KU 04.06.12 Kopi av brev frå fm til G. kom lagt ved som sm. 21.06.12 Brev frå rm til G.kom. Sjå skriv og meldingar. 17.12.12 Handsama i kommunestyret.
Sak 008/12 Sak formannskapet – reglement for kontrollutvalet.	22.02.12		- 22.02.12 Vedtak ;KU: Kontrollutvalet ber formannskapet trekkje saka frå sakskartet. - 23.02.12 Brev «Reglement for kontrollutvalet Gloppen kommune» sendt til Gloppen kommune. - 23.02.12 Div e-postar om saka. 24.05.12 Bede sh om status.

			04.06.12 Brev av 23.2.12 Lagt som sm til møtet i KU 04.06.12 Kopi av brev frå fm til G. kom lagt ved som sm. 21.06.12 Brev frå fm til G.kom
Sak 09/12 orientering leiarutviklingsprogram Gloppen kommune	22.02.12		22.02.12 Vedtak KU – Kalle rdm inn til neste møte for - å orientere. - 23.08.12 Rådmann orienterte om leiarutviklingsprogram i sak 022/12. Vedtak i KU: - Sjå sak 022/12
Sak 12/12 Orientering leiarutviklingsprogram	03.05.12		03.05.12 Vedtak KU: Saka utsett til neste møte.
Sak 19/12 Eventuelt	04.06.12		04.06.12 Vedtak KU - Kontrollutvalet tek i neste møte opp sak om å følge opp kommunestyret sitt vedtak i sak 057/10 «Rekneskap for avslutta investeringsprosjekt – rutinar» av 13.12.10. - Kontrollutvalet tek i neste møte opp sak om å følge opp at kontrollutvalsak 11/11 «Eigarskapskontroll Alarmsentralen Sogn og Fjordane IKS» av 01.06.11 vert lagt fram for kommunestyret. Kontrollutvalet handsamar plan for forvaltningsrevisjon i neste møte i kontrollutvalet.
022/12 Orientering leiarutviklingsprogram.	23.08.12		23.08.12 Vedtak i KU: - - Kontrollutvalet tek orienteringa om leiarutviklingsprogram til vitande. Sekretariatet distribuerer rådmannen sin presentasjon til kontrollutvalet
025/12 Rekneskapar avslutta invieringsprosjekt – Gloppen kommune.	23.08.12		23.08.12 Vedtak i KU: Kontrollutvalet kallar inn rådmann for å orientere om status i arbeidet med økonomireglement og rutinar rundt avslutta prosjektrekneskap i Gloppen kommune. 24.08.12 Brev sendt til rådmann vedrørende orientering.
027/12 Eventuelt.	23.08.12		23.08.12 Vedtak i KU: Då kontrollutvalet ikkje har representant i kommunestyret, møter kontrollutvalsleiar som tilhøyrar i kommunestyret. Er leiar forhindra i å møte, møter nestleiar.
028/12 Godkjenning innkalling og sakliste	30.11.12		30.11.12 Vedtak i KU: Det var ikkje merknadar til innkalling og sakliste.
029/12 Skriv og meldingar	30.11.12		30.11.12 Vedtak i KU: Skriv og meldingar vert teken til vitande.
030/12 Reglement for kontrollutvalet Gloppen kommune.	30.11.12		30.11.12 Vedtak i KU: -Kommunestyret har bede kontrollutvalet handsame reglement for kontrollutvalet på ny i kommunestyresak 079/12. -Kontrollutvalet handsama reglementet på ny den 30.11.2012 utan å gjere endringar i opphavleg utkast til reglement. -Kommunestyret godkjenner reglementet for kontrollutvalet i Gloppen kommune. 05.12.12 Sendt saka til KS
031/12 Forvaltningsrevisjonesrapport – Prosjektplanlegging i Gloppen kommune.	30.11.12		30.11.12 Vedtak i KU: • Tinginga for prosjektet "Prosjektstyring i Gloppen kommune". • -Tingingsdokumentet vert sendt over til

			Kommunerevisjonen i Nordfjord for operasjonalisering. Kommunerevisjonen i Nordfjord vert kalla inn til neste møte for å gje tilbakemelding på tinginga. 05.12.12 Sendt tinging til KIN
032/12 Orientering investeringsprosjekt	30.11.12		30.11.12 Vedtak i KU: Orienteringa om investeringsprosjekt vert teken til vitande. Administrasjonen jobbar med økonomireglementet. Rådmannen vil forsøke å legge fram sak til neste kommunestyremøtet i desember.
033/12 Oppfølgingsliste 4-2012	30.11.12		30.11.12 Vedtak i KU: Oppfølgingsliste 4-2012 teken til vitande.
034/12 Eventuelt	30.11.12		30.11.12 Vedtak i KU: Det vart ikkje teke opp saker under eventuelt.
	30.11.12		
	30.11.12		
			-

Oppdatert 25.1.2013

009/13 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 25.01.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	07.02.2013	009/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte kan gjerast her.